

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8072-1

Innspel frå fylkesrådet for eldre 2015 - Kostnadsreduksjonar samferdsle 2016 - 2019

Vedlegg:

Kostnadsreduksjonar samferdsle 2016-2019
Møtebok hovudutval for samferdsle 13. mai 2015
Hovudutval for samferdsle si prioritering

SAKSFRAMSTILLING

Sogn og Fjordane fylkeskommune greier for tida ut ulike kostnadsreduserande tiltak for å tilpasse seg nye økonomiske rammer.

Samferdsleavdelinga har greidd ut tiltak innanfor sine område som er kollektivtrafikk og fylkesvegar.

Hovudutval for samferdsle delte 13. mai 2015 aktuelle tiltak inn i tre nivå. Sjå vedlegg til saka. Utgreiingane er enno på eit overordna plan der ein skisserar kostnadsreduksjonar innanfor kategoriar.

Det vert lagt opp til kostnadsreduksjonar over fleire år framover mot 2019. Hausten 2015 vil det bli lagt fram tiltak som skal gjelde frå 20. juni 2016.

Innspel til endringar i rutetilbodet frå 20. juni 2016 må vere samferdsleavdelinga i hende snarast råd, og seinast 1. oktober 2015